

Juleavslutning for Austebygd skule og barnehage - 2018

Foreldrerådet og personalet ved skulen og barnehagen inviterer med dette barnehageborn, elevar, føresette og besteforeldre til juleavslutning på «Samfunnshuset Skogen»:

torsdag den 20. desember klokka 18.00.

Program med elevane og barnehageborna, gange om juletreet, og matøkt.

Programmet startar presis klokka 18.00 - difor må alle elevane møta seinast kl. 17.40. Også barnehageborna må koma så tidleg, for å vera klare til me startar kl.18.00.

Inngangsbillett : 50 kr pr. person (vaksne)

Elevar, barnehageborn, dei inviterte 5-åringane og personalet på skulen og i barnehagen betaler ikkje inngangsbillett.



*Velkommen til
barnehagen og skulen sin julefest!*

Med venleg helsing

Therese Mjøs-Bendiksen
FAU-leiar skulen

Ingunn Straume
FAU-leiar barnehagen

Vigdís Villanger
rektor

Påmeldingsslipp:

For å få oversikt over kor mange bord/stolar me skal laga til, ber me om at alle fyller ut svarslippen under, og leverer den tilbake til skulen/barnehagen seinast **måndag 17 .desember**

Frå vår familie kjem det **totalt** _____ **personar på julefesten**
(barnehageborn, elevar, søsken, foreldre, besteforeldre)

Dato/underskrift: _____

Mat:

I år prøver me ein ny «vri» med maten: Kvar familie tar med det dei vil ha til å ete og drikke (nett slik som på sommarfesten, men ikkje grillmat 😊). FAU handlar inn pappkrus og serviettar.

Arbeidsoppgåver:

Sal av inngangsbilletter (frå nakkebøker), skaffa vekslepengar + setja opp bord for dette (alt klart seinast kl. 17.20)

Ansvarleg: [Marit Ystebø](#) (FAU skulen) og [Ingunn Straume](#) (FAU bhg).

Møter kl.17.00 låser opp og set lys, serviettar, beger m.m. på borda.

Hovudansvarlege: [Therese Mjøs-Bendiksen](#) (FAU skulen) og [Kenneth Blomvågnes](#) (FAU bhg).

Tar seg av opprydding, reingjering og låsing etter festen.

Hovudansvarleg: [Jan Ove Brandsæter](#) (FAU skulen) og [Geir Olav Repål](#)

+ føresette til: Jørgen Mellingen, Johannes Båtnes, Milena Sikora, Marielle og Elida B. Pedersen, Ole Lucas Angelskår, Oliwier Zelachowski, Leah Valdersnes, Rugile Zidonyte, Sivert Dalland, Lotte Bauge, Steffen Lavik, Camilla Grimstad.

[Torfinn Heier](#) ordnar med mikrofonar og lyd.

[Therese Mjøs-Bendiksen](#) (FAU-leiar skulen) ordnar med innkjøpa til juleavslutninga og nisseposar til julegrauten (til siste skuledagen før jul).

[Silje Namtvedt](#) (FAU skulen) har ansvar for FAU-helsing på juleavslutninga.

[Karoline Brandsæter](#) spelar til «Luciatog» og gang rundt juletre.

Ber om at eventuell byting av oppgåver, vert ordna innbyrdes.

Therese Mjøs-Bendiksen

FAU-leiar skulen

Ingunn Straume

FAU-leiar barnehagen

Vigdís Villanger

rektor